



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 2

Mai 2018

61. årgang



**Etter leiren på Alværa var alle konfirmantane i Gulen kommune samla til samtalegudsteneste i Gulen kyrkje 8. april**

**REDAKSJON:** Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik [anne.ryssdal.tveit@enivest.net](mailto:anne.ryssdal.tveit@enivest.net)

**KORREKTUR:** Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

**BANKGIROKONTO:** 3817 15 51282  
Kontingenten er fri.

**TRYKKERI:** Norengros, 3701 Skien

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN:** Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035  
[jens.linde@gulen.kyrkja.no](mailto:jens.linde@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE:** Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389  
[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no) Kontor:Ikkje onsd.

**KONTORPERSONALE:**  
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093  
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

**ORGANIST:** Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**SOKNERÅD/FELLESRÅD:**  
Gulen sokn: Iddi Glenjen. Tlf. 90711923.  
[eglenjen@online.no](mailto:eglenjen@online.no)

**Brekke sokn:** Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. [cawaatveit@hotmail.com](mailto:cawaatveit@hotmail.com)

**Mjømna sokn:** Bente Haugen. Tlf. 99264861. [bente.haugen@enivest.net](mailto:bente.haugen@enivest.net),

**Fellesråd:** Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. [malfrid.undertun@enivest.net](mailto:malfrid.undertun@enivest.net)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**  
[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** Er du på Facebook, kan du gå inn på gruppa «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpande om ting som skjer i sokna, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkje-kontoret er redaktør for både heimesida og facebooksidea.

## Redaksjonen

Kyrkjelydsbladet pleier alltid å ha med namna på årets konfirmantar i god tid før konfirmasjonane.

Av ein eller annan grunn blei dette utegløymt i førre nummer, og det beklagar vi. Foto av konfirmant-gruppene kjem i neste nummer.

Våren er endeleg komen. Etter ein lang vinter nyt vi dei lange, lyse dagane, og vi seier med Elias Blix:

«Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord, og atter som eit under nytt liv av daude gror.»

Neste nummer kjem i august.

**Innsendingsfrist: 10. august.**

Vi ønskjer lesarane våre ein god sommar!



## Norsk Salmebok – ei skattkiste

Det er ei innhaldsrik salmebok vi har! I tillegg til dei 991 salmane finn vi «Norsk bønnebok»: 130 sider med bøner i nær sagt alle kategoriar, med tekstar frå oldkyrkja og fram til Ole Paus sin tekst «... det begynner å bli et liv, dette her, det begynner å ligne en bønn ...».

Som andakt tek vi i dag med fire av desse bønene.



### **Gud for kvardagssyndarar**

Herre, gå ikkje frå oss, vi treng deg.  
Du Gud for kvardagssyndarar,  
for dei feige og for dei slappe.  
Syndene våre vekkjer ikkje oppsikt.  
Dei er berre vanleg småtteri, og så  
alminnelege at vi nesten gløymer dei,  
særleg om vi også gløymer deg.  
Du, Heilage, du Gud for syndarar,  
for dei lunkne, dei likegyldige,  
ha miskunn med oss!

*Karl Rahner (1904-1984)*



### **Hjelp oss å redde havet**

Gode Gud, så vakkert det er;  
lyset over vatnet,  
den mjuke strandlinja,  
den høge, klåre himmelen!  
Hjartet jublar!  
Men likevel – under overflata –  
kjempar livet ein ujamn kamp  
mot det som menneska øydelegg.  
Hjartet græt.  
Hjelp oss å redde havet, Herre,  
fostervatnet på jorda.

*Per Harling (1948-)*



### **Pass på meg**

TV-en har stått på. Pass på meg, Gud!  
Videoen har stått på. Og Internett.  
Pass på meg. Det er der i tankane  
mine. Det er vondt. Det er ekkelt.  
Pass på meg, Gud.

*Oskar Stein Bjørlykke (1939-)*



### **For framtida**

Vi takkar deg, Far i himmelen, for  
landet du har gjeve oss. Takk for  
fridom og samfunnsgode. Lær oss å ta  
vare på den kristne arven, og føra han  
vidare i nye tider og ei annleis verd.  
Hjelp oss å gje borna våre sunne opp-  
vekstvilkår.

Vi ber deg særskilt for media våre,  
fordi dei så sterkt er med på og formar  
framtida.

Velsign vårt folkestyre, våre velferds-  
ordningar, skuleverket, forskinga og  
heile kulturlivet.

Takk for naturrikdomane du har gjeve  
oss. Lær oss å forvalta dei rett.  
Gjev arbeidslyst og arbeidsglede,  
og lat all ærleg næring lukkast.

*Per Juvkam (1907-2003)*

## Det skjer på Alværa:



### Week-end for vandringsdamer med kvilepuls: 25.-27. mai

Tema: Gledebekken.

Temaformidlar: Åse Snøtun, Gaupne.

Påmelding: [alveram@nms.no](mailto:alveram@nms.no) eller mobil 48990661.

Det kan bli alternativ tur etter vêr og føreforhold, eller etter dagsform for den enkelte.

### Alværastemne søndag 3. juni

Gudsteneste kl. 11.00 ved Jens Linde.

12.30: Middag.

14.00: Pause med aktivitetar.

15.00: Ettermiddagssamling.

Etter samlinga blir det kaffi og kaker og eit åresal.

Prisar: Middag: 220,-. Kaffi og kaker: 80,-.

Middagspåmelding til Alværa på tlf. 48990661 eller [alværa@nms.no](mailto:alværa@nms.no) innan 26. mai.



### Familieleir 8.-10. juni

Tema: «Vi ber!»

På årets familieleir vil vi finne ut

kvifor bøn er så viktig for trua vår og livet vårt som kristne.

Vi skal dele erfaringar, synge saman og ha ulike bønnevandringar inne og ute, og vi skal ha konkurransar og leikar.

Leiren er lagt spesielt til rette for familiar med barn opp til ca. 12 år. Eldre barn kan, om dei vil, få nokre enkle leiaroppgåver.

Makspris for familie: 3.750 kr, Vaksen: 1.300 kr, 13-17 år: 900 kr, 5-12 år: 700 kr, 0-4 år: gratis.

Påmeldingsfrist: Torsdag 24. mai.

Kontakt arrangementskonulent Vegar Isachsen: [vegari@nmsu.no/51516156](mailto:vegari@nmsu.no/51516156).



### Sommarleir 25.-27. juni

for barn frå 2. til 7. klasse.

Pris: kr 700. For sysken: kr.650.

Velkomne til innhaldsrike dagar på Alværa, med leik, moro og nye og gamle vener!

På sommarleir er vi mykje ute; grillar pølser, leikar, oppdagar og gjer aktivitetar saman. På samlingane høyrer vi om Jesus og venene hans, om misjon og om verda vi bur i.

Påmelding:

[www.alvera.no](http://www.alvera.no), [www.nms.no](http://www.nms.no).

## Sokneråda sponser

Sokneråda har vedteke å sponse kvart barn som deltek på leir på Alværa (eller tilsvarande) med inntil kr. 500. (Eigenandel kr. 200,00. Pengane blir utbetalte i etterkant som ei refusjonsordning.)



## Natur og kultur, misjon og fornyelse 2018:

**Leir for spreke vaksne 25.-29. juli**  
**Stad: Mesnali leirstad (NMS).**

Alle sokna våre har samarbeidsavtale med misjonsarbeid i Mali. Kwart sokn har to ofringar i året til dette arbeidet. I sommar blir det eit unikt høve til å få høyre spennande nytt frå Mali.

Frode Brygge Sætre, som er evangelist og bibellærar blant muslimske menn i Mali, vil delta på leiren.

Leiren byr elles på vandringar, kulturopplevingar (m.a. besøk på Bjerkebæk, heimen til Sigrid Undset) og fellesskap rundt Guds ord, god mat og hyggelege samtalar.

Leiren kostar kr.4.000, som inkluderer alt av turar, mat og overnatting med sengetøy.

Dei fleste som deltek, vil vere mellom

40 og 80 år, og spreke nok til å gå nokre kilometer på fjellet.

Du kan få program på kyrkjekontoret eller på nettet: [www.nms.no/kalender](http://www.nms.no/kalender). Velkomen til dagar med vakker innlandsnatur, spennande kulturinnslag og solid fokus på misjon og fornying hos den enkelte.



## Avskil med Geir Sørebo

Geir Sørebo sluttar som prost frå 1. juli, etter nådd aldersgrensa på 70 år.

Han har vore prost for Gulen sidan 1986, først i Ytre Sogn prosti, og seinare i Nordhordland.

Det blir avskilsgudsteneste med han på Tusenårsstaden Gulatinget første pinsedag, saman med Masfjorden, og i nye Knarvik kyrkje 27. mai kl.19.00. Vi takkar Geir Sørebo for godt utført arbeid!

Geir bur på Sørebo på Høyanger sørside, og vil såleis kanskje bli å sjå som vikar i kyrkjene våre når det høver slik.



## Ny prost i Nordhordland

7. februar tilsette Bjørgvin bispe-

dømmeråd Helge Taranrød som ny prost i Nordhordland prosti. Tidlegare har han mellom anna vore stiftsdirektør i Bjørgvin bispedømme og utanlandssjef i Sjømannskyrkja/ Norsk kyrkje i utlandet. I dag er han seniorkonsulent ved Leder- og teamutvikling i Bergen.

Han tek til i stillinga 1. juli, og blir innsett av biskop Halvor Nordhaug ved gudstenesta i Knarvik kyrkje 19. august kl. 19.00. Vi ønskjer Helge Taranrød velkommen!



## Prostar i vekslingsfeltet

I juni er det veksling mellom gamal og ny prost i Nordhordland prosti. Etter 32 år takkar Geir Sørøbø (70) av som prost, først i Ytre Sogn og sidan i Nordhordland.

Inn kjem Helge Taranrød (57), med ein variert yrkes- og leiarbakgrunn. Den nye prosten er gift med Inta Tove. Dei har to barn, ein son på 23 år og ei dotter på 18 år. Familien bur på Landås i Bergen.

- Kva erfaringar har du som kan vere nyttige som prost i Nordhordland, Helge?

- Først og fremst vil eg seie at eg kjem hit som prest. Det er grunntenesta også for ein prost.

Eg vil peike på Jesus Kristus som frelsar og livgjevar. I dette vil eg vere på same laget som prestane og dei andre kyrkjeleg tilsette.

Vidare trur eg at det vil kome godt med den leiarerfaringa eg har frå bispedømmekontoret, sjømannskyrkja, og dei siste åra når eg har hatt leining som fag.

Eg har arbeidd mykje med rettleiing, og er trygg i møte med ulike utfordringar.

Eg trur eg har noko å bidra med der også, seier han.

### Planar for framtida

Sjølv om Geir Sørøbø takkar av, kjem ikkje prestekjolen til å bli hengt i skapet for godt.

- Eg vonar å få vere prestevikar, og reiser gjerne til Nord-Norge. Der har det vore vanskeleg å få prestar nokre stader, seier han.

Geir Sørøbø bur like ved Bjordal, på sørsida av Sognefjorden. På garden hans er det fleire bygningar som skal haldast i orden. Til hausten blir nok børsa tatt ned frå veggen igjen, sjølv om det kan bli færre jakturar enn før.

- Eg har hatt stor glede av å undervise i hebraisk, som er det opprinnelege språket i Det gamle testamentet, på NLA Høgskolen, det siste året.

Å arbeide med bibeltekstane gjev stor glede. Det er viktig at nokon tar vare på den genuine kontakten med bibelordet.

## **Mykje å glede seg over**

Kva gleder du deg over i Nordhordland prosti når du no takkar av?

- For det første over at vi har eit så godt presteskap. Den nye prosten får eit godt team å samarbeide med.

Det gleder meg også at vi har mange livskraftige kyrkjelydar.

Det er også mykje kristen aktivitet utanom Den norske kyrkja. Det er flott å sjå, og det gleder meg at det er gode relasjonar til dei andre forsamlingane og arbeidet som skjer der.

Dette ser Helge Taranrød fram til å bli meir kjend med.

- Eg ser fram til å møte kyrkjeleg tilsette og frivillige. Eg vil også prioritere å vere til stades på ei gudsteneste i kvar kyrkjelyd framover.

Skal eg trekkje fram noko eg vil sjå særskilt etter, er det kontakten med konfirmantane. Evnar vi å vere gode med konfirmantane, steller vi oss godt som kyrkje. Eg blir berørt og engasjert av born og unge i kyrkja, og er opptatt av at dei må få møte evangeliet om Jesus Kristus, seier han.

- Sidan eg i fleire år arbeidde i KFUK/KFUM med base i Førde, har eg vore opptatt av at også distrikta skal ha merksemd i kyrkja vår.

## **Ei kyrkje som er relevant**

Både Sørebø og Taranrød erkjenner at gudstenesteforma i Den norske kyrkja ikkje treffer dei yngre generasjonane godt. Dette er noko dei meiner at sokneråda og dei lokale stabane må vere medvitne om framover.

- Vi må ha fokus på det vi kan gjere noko med. Kyrkja må vere oppsøkjande, og ho må involvere på alle gode måtar. Dette gjeld også i gudstenestene, seier Helge Taranrød.

- Det er noko med at når eit barn ser eit anna barn som deltar på ei gudsteneste, så skjer det ei identifisering. Det same gjeld for ungdommar og vaksne, for menn og kvinner.

Annleis enn før, kan gudstenesta ha deltakarar i ulik alder, seier Geir Sørebø.

Og Helge Taranrød følgjer opp:

- Vi må innsjå at monologane ikkje fungerer så godt som dei gjorde før. Forkynninga må ha eit dialogisk preg, det vil seie at det må vere større rom for spørsmål før ein kjem med svar.

## **Endringar på 30 år**

Når Geir Sørebø ser tilbake på tida som prest, har mykje endra seg.

- Før var presten mykje meir ein solo-spelar. No arbeider ein på lag med ein stab og med frivillige. Tilhøvet til arbeidstid er annleis. Før var presten «på» heile tida. No er det ordna arbeidstid. I hovudsak er det ei forbetring.

Både den gamle og den nye prosten ser med forventning på utviklinga for kyrkja i Nordhordland prosti.

Å blir god på å nytte tilknytingspunktta til folk, er svært viktig for kyrkja frametter, er dei to samde om.

*Tekst: Gunvor Taule Mjanger og Geir Øy. Foto: Geir Øy*

## Kyrkjekonsulenten på besøk i Brekke kyrkje



Kyrkjekonsulent Ove Morten Berge besøkte Brekke kyrkje 18. april for å sjå på benkane, koropninga og golvet. Berge er sivilarkitekt og den nasjonale ressursen når det gjeld å gje råd i samband med kyrkjebygg.

Planen er at han skal kome med nokre forslag/skisser til korleis vi kan kome vidare i saka, og kva som kan vere ei løysing.



Soknerådsleiaren ønskte velkomen og orienterte om saka. Dei i soknerådet som hadde høve, var med på synfaringa, saman med kyrkjeverja. Hovudsaka for soknerådet er å få betre sittekomfort for dei som går til

kyrkje, og å gjere kyrkjerommet meir eigna til fleksibel bruk i ei tid der også gudstenesta endrar seg og folk deltek i staden for berre å vere tilhøyrarar.



På soknemøtet til Brekke sokn kom det fram at det er sterke meiningar både for og imot å gjere endringar inne i kyrkja.

Då er det viktig at om noko skal gjerast, så må det vere ein god prosess fram til det blir bestemt.



## Kyrkjeklokka



*Den eldste kyrkjeklokka i Brekke*

Kirkens arbeidsgiverorganisasjon (KA) har kome med eit nytt hefte om kyrkjeklokker. Det er ei innføring i funksjonar, historie, bruk, ettersyn og bevaring.

I dette heftet er kyrkjeklokka i Brekke trekt fram. Ho er eit eksempel på ei overgangsform mellom seinromantisk og gotisk form. Den langstrekte forma er ein arv frå dei seinromantiske «sukkertoppklokkene», mens den svært vide munningen viser innverknad frå den gotiske klokkeforma. Klokka er truleg frå 1300-talet. Alle klokker har sin særeigne klang. Løyndomen ligg først og fremst i fasongen på klokka. Dernest vert klangen påverka av bronselegeringa

og eventuelt andre metall og ureint materiale som kan ha sneke seg inn. Eldre klokker har den klangen dei er støypte med.

På 1900-talet vart det utvikla ein metode for å stemme kyrkjeklokker. Derfor kan det vere krevjande å tilpasse ny og gammal klokke til kvarandre.

Mange stader har dei innført automatisk ringeanlegg. Det krev ofte ombygging, og må derfor søkast om. Ingen av kyrkjene våre har det. Derfor kan vi bli litt sårbare dersom det berre er kyrkjetenaren som kan bruke klokkene.

Vi har eit mål om å lære opp nokre fleire ringarar i kvart sokn.

Er du interessert i å bli med på ei slik opplæring? Gje i så fall melding til kyrkjeverja.



## Piano på Alderstunet

Mjømna sokn har engasjert seg for at Alderstunet på Byrknes skal få nytt piano. Det har vore utloddingar på nokre av eldretreffa dei har hatt. Saniteten har søkt og fått midlar på kr. 4000,- til tiltaket, og ikkje minst: Vestbris fiskereiskap som lova å ta resten av kostnaden, som vart på kr. 6.828,80.

Tusen takk til alle som har medverka! No blir det god lyd og tonefølgje både på andaktane og på andre tilstellingar.

## Korhelg med Bjarte Leithaug



### 1.-7. klasse blir inviterte til korhelg i Gulen kyrkje 8.-9. september.

Laurdag 8. september kl. 13.00-15.30.

Søndag 9. september kl. 14.00-16.00, med konsert som begynner kl. 16.00.

Vi håpar så mange som mogleg frå heile Gulen har lyst å bli med!

Gjerne frå andre stader òg.

Dette blir kjekt!

Laurdagen blir det to øvingsøktar, med leik og moro innimellom.

Søndagen blir det meir øving, generalprøve og ein konsert som er open for alle.

Vi treng òg medhjelparar, så vi tek imot gode tips når det gjeld:

\* Lydteknikar, musikarar som trakterer keyboard, trommer osv.

\* Vaksne som kan fikse litt frukt/forfriskningar og leikar

- Kanskje du likevel må køyre borna, og så kan du vere med sjølv i staden for å reise heim?

### Alt er gratis!

Fellesrådet dekkar alle utgifter frå trusoppføringsmidlane.

## Bjarte Leithaug



Bjarte Leithaug er frå Frekhaug. Han har gitt ut mange plater og CD-ar, hatt mange konsertar og gjort songane sine kjende for eit stort publikum. Dei glade og fengande songane hans er blant favorittane i barnekor over heile landet. Som artist og korinstruktør har han hatt over 60.000 barn med seg på scena i konsertar med mykje liv og glede. Dei siste ti åra har han vore arrangør for den store festivalen KORIFOKUS for barnekor på Vestlandet. Med seg på plater og konsertar har han hatt barna Astrid, Bendik og Martin som barnesolistar. Tidleg på 80-talet fekk fleire av platene hans gode plasseringar på Norsktoppen. Etter at han blei far sjølv, begynte han meir og meir å skrive tekstar for barn, og dei siste 20 åra har det blitt berre familiekonsertar og CD-ar for og med barn. Han har oppnådd 3 gullplater, og fekk Nordhordlandsprisen 2008 for det allsidige kulturarbeidet sitt.



## Informasjonsmøte for nye konfirmantar

Alle som dette året fyller 14 år og nett no går i 8. klasse, blir inviterte til:

**Informasjonsmøte for konfirmant-året 2018 -2019, på Dalsøyra samfunnshus tysdag 29. mai kl. 19.00.**

Møtet er for alle 14-åringar saman med foreldre/føresette. Ein treng ikkje å ha bestemt seg for om ein vil delta på kyrkja sin konfirmasjon for å vere med på dette møtet. Ein vil på møtet få informasjon, påmeldingsskjema og datoplan for konfirmantåret.

*Jens Linde, konfirmantprest*



## Kyrkjelydstur til Fedje

Mjømna sokneråd gjentek suksessen saman med Solund sokneråd, og arrangerer kyrkjelydstur; i år til Fedje.

**Set av datoen 13. juni.**

Det blir båt frå Mjømna.

For meir informasjon:

Kontakt Anne E. Ytreøy.

## Planarbeid pågår!

Sokneråda og fellesrådet jobbar med å rullere Plan for kyrkja i Gulen. Framlegget vil bli lagt ut på høyring i løpet av hausten. Men allereie no kan du melde inn viss det er noko du meiner kyrkja bør arbeide meir eller mindre med.

Mellom anna fekk eg besøk på kontoret av ei som synest det hadde vore fint om kyrkja hadde hatt ei form for besøksteneste. Mange (eldre?) er einsame og har trong for nokon å snakke med. Dette er eigentleg det kyrkja kallar «diakoni», og som er ein viktig del av kristent arbeid.

– Kunne du tenkje deg å vere med på noko slikt? Det er eit godt innspel, som fortener å bli gjort noko med. Noko anna som fellesrådet har sagt skal vurderast i planen, er om vi skal halde fram med tre sokneråd, eller om vi skal gå over til å ha berre eitt sokneråd i kommunen.

Fleire stader har dei slått saman sokneråd og har berre eitt råd, som då både har sokneråds- og fellesråds-funksjon.

Det er gode argument for begge delar, og derfor vil vi ha denne diskusjonen samtidig med planarbeidet, slik at vi sikrar at flest mogeleg får ein sjanse til å seie kva dei meiner.

Neste år er det soknerådval igjen. Det har ikkje vore heilt enkelt å få folk til å stille til val.

Vil det bli betre eller verre om ein har berre eitt råd?

*Kyrkjeverja*

## Eit bønnens hus og retreatsenter

Hei!

Me er ein liten gjeng tilknytta Ungdom i Oppdrag Oslo, som har flytta til Ortnevik for å etablere ein stad for bøn og retreat. Me kom i fjor sommar, og har starta så smått med å byggje både fellesskap og gjestehus som kan ta imot menneske som treng kvile og påfyll når livet stormar.



### Kven er me?

Me er to familiar:

**Ole (31) og Camilla (29) Merkesvik Ådland:** Me har to born. Camilla vaks opp i Ortnevik, og Ole er bergensar. Frå me gifta oss i 2008 og til i fjor budde me i Oslo og gjennomførte høvesvis økonomi- og lærarutdanning. I tillegg dreiv me med musikk. Så tok me Disippeltreningsskule i 2013, og etter det har me arbeidd i Ungdom i Oppdrag Oslo. Våren 2016 opplevde me at Gud tala og leia oss til Ortnevik for å etablere ein stad for bøn, tilbeding, fellesskap og tilflukt. I 2017 pakka me flyttelasset og drog hit, som utsendingar frå Ungdom i Oppdrag,

Oslo.

**Thea Elisabeth (22) og John Eivind (23) Warvik:** Begge er oppvaksne i Förderegionen og er glade i å gå på tur. Me gifta oss i 2015 og flytta til Bergen for arbeid (tømrar) og studier. I 2016 bestemte vi oss for å ta ein Disippeltreningsskule (DTS) i Nordland. Me har jamt snakka om korleis det hadde vore å leve i fellesskap med andre, ute på landet, med måltidsfellesskap, arbeidsfellesskap, bøn og tilbeding, litt sånn som dei første kristne. Guds vegar er uransakelege. Her er me no!

### Kva gjer me her?

Tre gonger om dagen samlast me til bøn og måltiddfellesskap. I tidebønene, kor vi har liturgisk og fri bøn, bibellesing og song, har vi henta inspirasjon både frå dei keltiske og dei norske salmetradisjonane og frå dagens frikyrkjelege uttrykk. Me har i løpet av det siste halvåret fått oppleve kor godt det har vore å rette blikket til Gud fleire gongar om dagen. Me drøymmer om at dette skal vere ein stad der Gud vert løfta opp i bøn og tilbeding, og kor vi legg livet vårt i Hans hender. Tidebønene er eit verkøy som lar oss setje fokus igjen og igjen, og som samlar oss som fellesskap. Me har også fått kjenne på kvilen som ein kvar dag i fastsette rytmer gjev oss. Tidebønene vert vår felles puls, den takta me går i, og som me inviterer gjester til å gå saman med oss i. Me trur også at det er mykje fint i å dele måltid med kvarandre. Der deler me liv og matglede, og der tener

me kvarandre.

### **Gjester og veksande fellesskap**

Me har vore velsigna med ein del besøk, både av dei som berre ønsker å besøkje oss, ein dugnadsgjeng kom for å bidra, og nokre kom for retreat. Dei besøkjande seier dei opplever fred og ro her. Etter nyttår har me hatt med oss ein DTS-student frå USA som skal ha praksis her.

### **Renovering av gjestehus**

Huset er på veg til å bli eit gjestehus kor me vil ta imot menneske som treng retreat – ein stad å trekkje seg tilbake for å finne kvile og pågangsmot til vegen vidare. Her blir det to større soverom, kjøken, opphaldsrom og bad. John Eivind, som er tømrar, står i bresjen for bygginga. Arbeidet på utsida med å skifte kledning og setje inn nye vindauger er ferdig, men mykje gjenstår inne. Men vi har alt no kunna ta i bruk huset til kontor og førebels gjesterom. Det er ekstra fint å arbeide på kontoret medan ein høyrer hammaren slå i veggane. På ulike måtar er me med og byggjer.

### **Forbøn**

Kvar veke har me forbøn for lokalområdet og for fylket. Det har vore veldig oppmuntrande. Det som går igjen i forbønstida for Sogn og Fjordane, er håpet Gud har, og freden Han vil skjenke oss. Me er også visse på at Gud arbeider, det er noko i gjære. Gud har ei naud for Sogn og Fjordane, og Han vil skape ei naud i fylket for Han også. Gud har tankar, planar og draumar for Sogn og Fjordane, og Han har eit stort hjarte

for ekteskapa.

### **Å vere ein del av noko større**

Det har vore veldig oppmuntrande og kjekt å bli kjend med den lokale kyrkjelyden, med prestar og lekfolk, og med andre menneske som har nokre av dei same draumane som vi for regionen. Me står så absolutt ikkje aleine, men kjenner oss som ein del av noko større. Me har stor tru på at Gud har ting på gang, og at han gjer «så uendeleg mykje meir enn alt vi bed om og skjønar» (Ef. 3, 20).



### **Ortnevik, vakre Ortnevik**

Ortnevik er ei lita bygd på sørsida av Sognefjorden i Høyanger kommune. Bygda har ca. 45 fastbuande innbyggjarar. Her finn me blant anna Noregs koselegaste bibliotek og ein liten skulpturpark og ei stavkyrkje skapt av vår eigen multikunstnar. Rett oppi høgget finn me også fjellområdet Stølsheimen, med mange turmuligheter, både for dei som likar å ta seg ein tusletur i nydeleg natur og for «fjellgeiter». Dei lokale har vore med og merka stiane. Bygda kan også freiste med ny sandstrand for dei som ikkje er kresne på badetemperaturen.

**Om Ungdom i Oppdrag:** Sjå på nettsida [ywam.no](http://ywam.no).

## Open kyrkje

Gulen kyrkje vert open i sommar òg. **Opningstid 10.00-18.00 kvar dag frå 24. juni til 12. august.** Det ligg ei besøksbok i våpenhuset, og vi set pris på om folk skriv ei helsing. Kyrkja vert open og lukka av frivillige. Har du lyst til å vere med på ordninga, så gje melding til kyrkjekontoret.



## Kystpilegrimsleia

Pilegrimsleia på kysten frå Egersund til Trondheim (Nidaros) er no offisielt godkjend. Gulatinget og Eivindvik er ein av plassane som er med som stoppestad på leia. Elles i fylket vårt er Kvernsteinsparken i Hyllestad, Korssund i Fjaler, Vilnes kyrkje i Askvoll, Kinn kyrkje, Svanøya i Florø og Selje kloster med. Det er lagt opp slik at ein kan gå/segle /padle eit stykke om gongen, og bruke fleire år på å bli ferdige med heile distansen. Håpet er at næringsliv og frivillige langs leia skal medverke til at denne måten å reise på, vert populær også her i landet, slik trendane er andre stader. Gulatingsprosjektet har fått laga eit stempel som kan nyttast, slik at dei som kjem til Gulen, kan få stempla pilegrimspasset sitt her. Stempelet vil vere i resepsjonen på

kommunehuset. Som ein del av markeringa av Kystpilegrimsleia vil det bli ei kveldsmesse i Gulen samstundes som eit følge passerer Eivindvik, **i tidsrommet 7.-9. juni. Sjå oppslag, og ta gjerne del.**

## Olsokgudsteneste på Fjon fjellkyrkje

**29. juli kl 19.00** er det tradisjonsrik gudsteneste for heile Nordhordland på Fjon fjellkyrkje. Etterpå er det rømmegraut og kaker, og bål. Skikkeleg sosialt! Ein fin måte å feire Olsok på.

## Skaparverkets dag 10/6

Mjømna sokn inviterer alle til utegudsteneste og markering av Skaparverkets dag på **Skjerjehamn 10. juni kl. 12.00.** Etter gudstenesta er det høve til å ete både middag og/eller ta «kyrkjekaffien» der.

## Konfirmasjonsdagar 2019-2021

For deg som treng å planlegge, er konfirmasjonsdatoane framover slik:  
**2019:** Mjømna 5. mai, Brekke 12. mai og Gulen 19. mai.  
**2020:** Gulen 26. april, Mjømna 3. mai og Brekke 10. mai.  
**2021:** Brekke 25. april, Gulen 2. mai og Mjømna 9. mai.

## Takk

Takk for gåve til puter til Brekke kyrkje i samband med gravferda til Selma Kolås. Det kom inn kr.6.250.  
*Brekke sokneråd v/Cathrine Tveit*

## Hjarteleg takk

Styret i Oppedal bygdelag takkar for minnegåva på kr. 14.700,- gitt i høve gravferda til Gustav Borlaug.

*Helsing Oppedal bygdelag  
v/Gerd Ingunn Ynnesdal*

## Takk

Takk for omtanke, helsingar og blomar i samband med gravferda til Olav Solheim. Me vil også takke alle som har gitt gave til Leger uten grenser.

*Kirsten, Kjell-Eivind og Frode med familiar*

## Takk

Takk for helsingar og blomar ved Solveig Halland sin bortgang.

Takk til langtidsavdelinga for god pleie og omsorg.

*Heidi og Helge med familie*

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for alle helsingar og blomar i samband med Bjørg Nyhammer sin bortgang.

*Bodhild, Oddfinn, Sigbjørn, Oddrun og Terje med familiar*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### MJØMNA SOKN:

**25.03.18:** Theodor Haugen Kveim.  
For.: Annette Kristin Haugen og Thorbjørn D. Kveim. Busette i Bergen

**02.04.18:** Malene Fagerbakke.  
For.: Marianne Jarstad og Brage Fagerbakke

#### GULEN SOKN:

**01.04.18:** Leon Slartmann Birkeland.  
For.: Hanne Slartmann og Tonny-André Birkeland.

**01.04.18:** Rio Trygve Peter Thorne.  
For.: Signhild Brosvik og Roland Thorne. Busette i Swasiland.

**08.04.18:** Viljar Birkeland. For.: Britt-Helen Kvamsdal og Frode Birkeland.  
Døypd i Frøyset kyrkje.

**06.05.18:** Elias Skjørestad Fivelsdal.  
For.: Kristine Skjørestad Fivelsdal og Håkon Eide Fivelsdal.

### Døde:

#### GULEN SOKN:

**08.03.18:** Bjørn Randal, f. 1933.

**23.03.18:** Bjørg Inger Nyhammer, f. 1937.

**14.04.18:** Helge Odd Tveit, f. 1928.

#### BREKKE SOKN:

**12.03.18:** Gustav Ingvald Borlaug, f. 1932.

**07.04.18:** Selma Kolås, f. 1921

#### MJØMNA SOKN:

**03.04.18:** Kjell Oddmund Fagerheim, f. 1933.

## Kyrkjekalenderen



**20.05., 1. Pinsedag**

**Tusenårsstaden Gulatinget kl. 12.00**

v/Jens Linde, Tone Marit Dyrkolbotn og Geir Sørebo. Kyrkjelydane i Masfjorden deltek. Dåp. Nattverd.

Takkoffer: Misjonærprosjektet i Mali.

**27.05.**, Treeiningssøndag  
**Brekke kyrkje kl. 15.30** v/Jens Linde. Nattverd. Takkoffer: Alværa.

**27.05.**, Treeiningssøndag  
**Knarvik kyrkje kl. 19.00.** Avskilsgudsteneste for Geir Sørebbø.

**03.06.**, 2. søndag i treeiningstida  
**Alværa kl. 11.00** v/Jens Linde. Nattverd. Takkoffer: Alværa Alværastemne.

**10.06.**, 3. søndag i treeiningstida  
**Skjerjehamn kl. 12.00** v/Jens Linde. Skaparverkets dag. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid.

**17. 06.**, 4. søndag i treeiningstida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Nattverd. Takkoffer: AMATHEA.

**24.06.**, 5. s. i treeiningstida/jonsok  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Dåp. Takkoffer: Det norske Bibelselskap.

**24.06.**, 5.s. i treeiningstida/jonsok  
**Brekke kyrkje kl. 15.30** v/Jens Linde. Takkoffer: Fjon Fjellkyrkje.

**01.07.**, Ikkje gudsteneste i Gulen kommune.

**08.07.**, 7. søndag i treeiningstida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Takkoffer: Norges KFUK/KFUM

**15.07.**, 8. søndag i treeiningstida  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Takkoffer: Eige arb.

**22.07.**, 9. søndag i treeiningstida  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Takkoffer: NLA Høgskulen.

**29.07.**, 10.s.i treeiningstida/Olsok  
**Fjon Fjellkyrkje kl. 19.00** v/Jens Linde.

**05.08.**, 11. søndag i treeiningstida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Takkoffer: Misjonsavtale.

**05.08.**, 11. søndag i treeiningstida  
**Mjømna kyrkje kl. 16.30** v/Jens Linde. Takkoffer: Fjon Fjellkyrkje.

**12.08.**, 12. søndag i treeiningstida  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Takkoffer: Misjonæradopsjon.

**19.08.:** 13. søndag i treeiningstida  
Ikkje gudsteneste i Gulen kommune.  
**Stordalen kl. 15.15** v/Tone Marit Dyrkolbotn. Utegudsteneste. Bjørn West-marsjen.

**Knarvik kyrkje kl. 19.00:** Innsetjing av ny prost i Nordhordland.

**26.08.**, 14. søndag i treeiningstida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Takkoffer: NMS

**02.09.**, 15. søndag i treeiningstida  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Takkoffer: Kyrkjelyden. Konfirmantpresentasjon.

**08.-09.09:** Barnekorhelg i Gulen kyrkje

**09.09.**, 16. søndag i treeiningstida  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Takkoffer: Eige arbeid. Konfirmantpresentasjon. 50-års-konfirmantar.

**16.09.**, 17. søndag i treeiningstida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid. Konfirmantpresentasjon.